



Bål ved Bøkkerverkstaden (Foto: Ola Matti Mathisen)

I morgon kveld vil hundrevis av jonsokbål flamma opp, og det vil også bli bålbrekking i Uskedalen og omegn. Men uskedalen.no har fått spørsmål om det må meldast frå til kommunen om bålbrekkinga. Det er ikkje nødvendig, seier brannsjef Grete Nesheim.



Bål på Korsnes (Foto: Thor Inge Døssland)

Men ho presiserar at ein sjølvsagt må ivareta dei generelle sikkerhetsreglane og særleg vera varsam hvis det er sterk vind. eller svært tørt i området.

Ho har nyleg svara på ein førespurnad frå ein barnehage om bålbrenning i sommarmånadane og peikar på at svaret sjølvsagt gjeld for heile kommunen.

Det er ikkje forbode å brenne mindre bål i eige grue eller bål ved sjøen berre det gjerast på forsvarleg vis, slår ho fast. Forbodet mot brenning frå 15. april til 15. september gjeld opptenning av eld i eller i nærleiken av skogsmark.

Dei generelle reglane ellers går mellom anna ut på at brenning ikkje skal skje nærmare enn 8 meter frå hus eller 10 meter frå skog og lyngområde. Ein skal ta omsyn til naboar og ikkje brenna etter at det har vorte mørkt.

Acv ola Matti Mathisen